

Fra: Turid Verdal[turid@abo-ark.no]
Sendt: 13.05.2025 10:44:30
Til: Sara Brattfjell Heggland[sara.brattfjell.heggland@kvinnherad.kommune.no]
Kopi: kristian.rasberg@fjordbruk.no[kristian.rasberg@fjordbruk.no]; Kjartan
Mehammer[kjartan.mehammer@trondsmarine.com];
Tittel: Tilbakemelding status/framdrift planarbeid Røysaneset industribase

Hei

Viser til brev der du spør om status og framdrift i prosjektet.

Eg signaliserte til deg i ein e-post tidlegare her at me snart var klare for eit arbeidsmøte, men det har dratt litt ut i tid av ulike årsaker. Beklagar at eg ikkje har meldt tilbake!

Me har jobba og jobbar med å sette plangrunnlaget, dvs. situasjonsplan, vegteikningar, føresegner og plankartet.

Det er nokre forhold i desse dokumenta som me ønskjer tilbakemeldingar på frå dåke før me startar på arbeidet med å ferdigstille planforslaget.

Me vil difor før sommaren be om eit arbeidsmøte med dåke for å gå gjennom forslag/utkast til plankart, vegteikningar, situasjonsplan og føresegner.

Og spesielt drøfte forholdet til samferdsel og det som går på funn av automatisk freda kulturminne i nærleiken av fylkesvegen.

Me vil sende over dokumenta og spesifikt nemne dei forholda me ønskjer å ta opp med dåke.

Om ein skal sei noko om innlevering av planframlegg for 1.gangshandsaming, så vil det truleg ikkje vera før til hausten/vinteren i år.

Vennleg helsing

Turid Verdal

905 22 958



Torgbakken 9
Pb. 32, 5401 Stord
www.abo-ark.no

